

Hordaland fylkeskommune
v/fylkesordførar
Postboks 7900
5020 BERGEN

Stad skipstunnel - intensjonsvedtak om utgreiing

Det har vore arbeidd ein stund med å få til ei utgreiing om moglegheitene for å etablere eit hurtigbåtsamband mellom Bergen og Ålesund, gjennom Stad skipstunnel. Ei samfunnsøkonomisk analyse utført av SINTEF Bedriftsutvikling i 2012 identifiserer ei rekke prissette nytteeffektar av tunnelen. Ein av desse positive nytteverdiane er gevinstar knytt til etablering av hurtigbåtsamband nord og sør for skipstunnelen.

I møte den 22.11.2016 gjorde fylkesutvalet i Møre og Romsdal vedtak om å løyve inntil 300 000 kroner til utgreiing av hurtigbåtsamband mellom Bergen og Ålesund i samband med realiseringa av Stad skipstunnel. Vedtaket er gjort med etterhald om at Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar gjer likelydande vedtak.

I møte den 23.11.2016 stilte fylkesutvalet i Sogn og Fjordane seg positive til å greie ut moglegheita for ein hurtigbåtforbindelse mellom Bergen og Ålesund, og var innstilt på å starte dette arbeidet når Stortinget har gjort forpliktande vedtak om bygging av Stad skipstunnel. Fylkestinget i Sogn og Fjordane vil dekke 1/3 av utgreiingskostnaden knytt til etablering av eit eventuelt hurtigbåttilbod mellom Bergen og Ålesund. Det er ein føresetnad at Hordaland og Møre og Romsdal gjer likelydande vedtak og tek resterande utgreiingskostnader.

Stad skipstunnel ligg inne i Nasjonal Transportplan 2018 - 2029 med finansiering i første 6-årsperiode.

Eg syner til dei positive vedtaka i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane, og oppmodar Hordaland fylkeskommune om å gjere tilsvarande vedtak. I den samanheng viser eg og til tidlegare samtaler mellom fylkesordførarane i Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Hordaland.

Med helsing

Jenny Følling
fylkesordførar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

intensjonsvedtak Møre og Romsdal
Intensjonsvedtak Sogn og Fjordane

Mottakar (ar)

Hordaland fylkeskommune v/fylkesordførar Postboks 7900 5020 BERGEN